



Venche Bjelland Taranger (til venstre) er dagleg leiar og primus motor på Huglabutikken. Ei god sommar drift krev ekstrahjelp i butikken.

Eit vellukka strandhogg på Huglo sist helg førte oss fram til etterkomarane etter Anna og Wilhelm Bjelland.

Dotter deira Venche Bjelland Taranger er dagleg leiar på Huglabutikken.

Den gamle butikken til Arne Sørli på Huglo brann i 2003. Ny butikk i nye lokale kom på plass, men drifta vart lagt om i 2007. Eit aktivt bygdalag skipa eit aksjeselskap og i dag driv Venche med god hjelp Huglabutikken. Bygdefolket og ikkje minst hyttefolket støttar godt opp. Sommardrifta er god. Omsetnaden på ei veke på sommaren tilsvarar fire veker elles i året.

Venche Taranger er ansvarleg for ei fullstending butikkdrift,- innkjøp, sal, rekneskap og turisme med båtplassar, bensinsal, vaskerom og dusj og elles tiltak som gjer at det er triveleg å koma til Huglo i dag. Ferja Huglo, Hordaneset, Jektevik ligg til kai på Nordhuglo om natta. Huglabutikken leverer all tørrmat til mannskapet på ferja.

Før avreise frå Huglo, var vi samde om fylgjande:

Uskedalen har den beste SPAR butikken i landet

Huglo med Venche Bjelland Taranger har truleg den beste Nærbutikken i Sunnhordland. Begge høyrer til Norgesgruppen.



Ferja FOLGEFONN legg til kai mange gonger for dagen, eit viktig tiltak for å halda oppe busetnaden på Huglo

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland.